

Arkivnr: 2018/16929-2  
Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Erlend Hofstad

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.02.2019
Fylkesutvalet		20.02.2019

**Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2019****Samandrag**

Regional kulturminneforvalting i fylkeskommunane og Direktoratet for kulturminneforvaltning, Riksantikvaren, skal i fellesskap nå dei nasjonale måla på kulturminnefeltet. Riksantikvaren har i sitt brev *Prioriteringar for kulturminneforvaltningen 2019* gjort greie for dei statlege prioriteringane, og for deira ønskje og mål for samarbeidet med den regionale kulturminneforvaltinga i 2019.

Riksantikvaren legg til grunn følgjande prioriterte område for 2019: Regionreforma, med framtidig ansvars- og oppgåvefordeling, er hovudprioritet. Forutan dette vert det i brevet peika på fleire andre viktige tema og arbeidsoppgåver: Klimaendringane og kulturminne; byar, kulturmiljø og landskap; kulturminne i kommunane; styrka forvalting av verdsarvområda; fredingsarbeid og tilskotsforvalting; teknisk-industrielle kulturminne og fartøyvern; plansakshandsaming og motsegner; arkeologi; og EØS-finansieringsmidla.

Prioriteringane til Riksantikvaren er dels overordna tiltak som heng saman med omorganiseringa av kulturminneforvaltinga, dels knytt til lovpålagde forvaltingsoppgåver, og til dels særskilde satsingsområde. Fleire av desse fell saman med tiltak som er heimla i fylkeskommunens eigne planar, i første rekkje «Premiss: Kultur. Regional plan for kultur», med tilhøyrande handlingsprogram for 2019.

**Økonomi:** Saka har ikkje innverknad på fylkeskommunens økonomi

**Klima:** Saka har ikkje effekt på klimaet

**Folkehelse:** Saka har ikkje direkte effekt på folkehelse

**Regional planstrategi:** Gjennom å leggja til rette for ivaretaking av kulturminneverdiar, er saka i samsvar med det langsiktige målet i planstrategien om at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

**Forslag til innstilling og vedtak**

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen følgja opp og prioritere dei oppgåvene som vert framheva i Riksantikvarens brev med prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Riksantikvarens prioriteringsbrev 2019

## Fylkesrådmannen, 28.01.2019

### Bakgrunn

Kvart år sender Riksantikvaren brev til fylkeskommunane om prioriteringar for kulturminneforvaltinga, på bakgrunn av politiske styringsdokument på kulturminnefeltet. Brevet gjør greie både for Riksantikvarens eigne prioriteringar, og for deira ønskje og mål for samarbeidet med den regionale kulturminneforvaltinga det neste året.

I brevet «Prioriteringar for kulturminneforvaltningen 2019» viser Riksantikvaren til føringar i Statsbudsjettet for 2019, Stortingsmelding nr. 35 (2012–2013) «Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken» og nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging som er bestemt i kongeleg resolusjon.

Stortingsmelding nr. 35 Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken skildrar to strategiske mål for den nasjonale kulturminnepolitikken:

1. *Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på som bruksressurser og grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping*
2. *Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom fredning.*

Dei nasjonale miljømåla for kulturminne og kulturmiljø står i statsbudsjettet (Prop. 1 S) og ligg til grunn for prioriteringane til kulturminneforvaltinga:

- *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast*
- *Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*
- *Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020*
- *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*

I kongeleg resolusjon 12. juni 2015 er det vedteke tydelege nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Det blir her slått fast at kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdisetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Fylkeskommunane og Sametinget har ansvar for å rettleie kommunane.

Nasjonal samordning er naudsynt, og nasjonale mål kan ikkje nåast utan forankring i ein heilskapleg politikk hjå statlege, fylkeskommunale og kommunale styresmakter. I dei ulike fylkeskommunane er det rom for tilpassingar og utvikling av ulike svar på særreigne regionale utfordringar. Fylkesrådmannen ser det som viktig at dei nasjonale målsettingane ikkje reduserer handlingsrommet for regionale folkevalde organ på kulturminnefeltet – særleg fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar. Hordaland sine styrkar og utfordringar må speglast i den regionale kulturminnepolitikken.

I det følgjande vert Riksantikvaren sine prioriterte område samanfatta og kommentert:

### **Hovudprioritet for 2019: Regionreforma, framtidig ansvars - og oppgåvefordeling**

Regionreforma vil få store konsekvensar for korleis kulturminneforvaltinga skal arbeide i framtida. Riksantikvarens rolle som direktorat vert reindyrka. Ei rekkje oppgåver som i dag vert handtert av Riksantikvaren skal etter 2020 handterast av den regionale kulturminneforvaltinga. Ei ny ansvarsforskrift, som definerer rollene og oppgåvene til fylkeskommunane, er venta å vera vedteken snarleg, med iverksetting 1. januar 2020.

Riksantikvaren ser det som avgjerande for at reforma skal lukkast på kulturminnefeltet, at fylkeskommunane allereie frå 1. januar 2020 fungerer i rolla som regionalt kulturminnemynde på alle dei områda som vert lagt til regionalt nivå. Det er viktig at dei sikrar naudsynt kompetanse og kapasitet til å ivareta dei nye oppgåvene allereie frå årsskiftet 2020. Riksantikvaren ber om at dette vert prioritert.

Riksantikvaren peikar òg på at oppgåvene som blir overført, saman med oppgåver som alt ligg hjå fylkeskommunen, vil medverka til å tydeleggjera og forsterka rolla det regionale, folkevalde nivået har som aktør i samfunnsutviklinga. Dette vil også gjelde i spørsmål om vern og bruk av kulturarven. Riksantikvaren oppmodar den regionale kulturminneforvaltinga til å samarbeida tett både med eksisterande og nye fagfelt i fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen er samd med Riksantikvaren i at ei overføring av oppgåver og funksjonar, samtidig med styrka kapasitet og kompetanse, kan bidra til ei betre kulturminneforvalting og fremje lokaldemokratiet si rolle i spørsmål om vern og bruk av kulturarven. Ei meir samla forvalting av kulturminne vil òg bidra til å styrka det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar, der kulturarv inngår som ein viktig ressurs.

Hordaland fylkeskommune har i nasjonal samanheng god kompetanse og er budd på oppgaveoverføringa. Nye ordningar som ikkje krev vesentleg kapasitetsauke vil kunne gjennomførast fortløpande. Kompetanse og kapasitet i administrasjonen må likevel styrkast vesentleg på fleire ansvarsområde. Hordaland fylkeskommune har rekna på kor mykje ekstra ressursar som vert naudsynt, og på bakgrunn av dette er det i budsjettet for 2019 lagt inn to sakshandsamarstillingar på kulturminnefeltet frå hausten 2019.

Overføringa av oppgåver frå Riksantikvaren er organisert i prosjektet Kulturminneforvaltning 2020 (KF2020). Som del av dette inngår utviklinga av DigiSak, ei ny felles digital teneste for søknads- og sakshandsaming i kulturminneforvaltinga. Dette vil vera ein sentral oppgåve for Riksantikvaren i 2019, og dei ser det som viktig at fylkeskommunane er med i utviklingsprosessane. Administrasjonen i fylkeskommunen vil i 2019 prioritera å delta i dette. Gode og føremålstenlege digitale tenestar er naudsynt for ei føreseieleg og effektiv forvalting.

### **Andre viktige oppgåver**

#### Klimaendringane

Riksantikvaren føreset at regionalforvaltinga følgjer opp statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing også når det gjeld kulturminneforvalting. Hordaland fylkeskommune vil følgja opp desse retningslinjene. Dei skal, jf. forskrift FOR-2018-09-28-1469, leggast til grunn ved kommunal, regional og statleg planlegging etter plan- og bygningslova, og i enkeltvedtak som kommunale, regionale og statlege organ treff etter plan- og bygningslova eller annan lovgiving.

#### Byar, kulturmiljø og landskap

Riksantikvaren er i gang med å etablere eitt samla register for kulturmiljø og kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Dette vil bestå av tre deltema: NB!-registeret (kulturmiljø i by av nasjonal interesse), ein ny kategori for kulturmiljø i ytre byområde, tettstader mm, og KULA (Kulturlandskap av nasjonal interesse). Riksantikvaren føreset at regionalforvaltinga legg KULA-registeret til grunn i planprosessar. NB!-registeret skal reviderast, i samarbeid med fylkeskommunane. Alle NB!-områda vert sendt på høyring i 2019. Riksantikvaren føreset at bystrategien vert lagt til grunn for forvalting av kulturminner og i byane.

I Hordaland er KULA-registeret ferdig utarbeidd. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for at kulturhistorisk landskap (KULA) av nasjonal interesse vert lagt inn i kommunale planar. Administrasjonen vil delta i revideringa av NB!-registeret og elles ta omsyn til bystrategien.

#### Kulturminne i kommunane

Riksantikvaren forventar at regionalforvaltinga hjelper og samarbeider med kommunane i kulturminnearbeidet. Det inneber mellom anna rettleiing og planfagleg oppfølging, handtering av kulturminneinteresser i plan- og byggjesaker, og at regionalforvaltinga er tidleg og tydeleg når det gjeld kulturminneinteresser utover lokal verdi.

Lovheimla forvalting av kulturminneinteresser etter plan- og bygningslova er ei av kjerneoppgåvene til kulturminneforvaltinga. Dette feltet må sjåast i samanheng med arbeidet med kommunale kulturminneplanar (sjå nedanfor), som gir betre grunnlag for ei heilskapleg forvalting av kulturminneressursane.

Riksantikvaren ser det som viktig å gjera ein ekstra innsats i 2019 for at kommunane som enno ikkje er det, vert ferdige med å laga kommunale kulturminneplanar. I Hordaland har alle kommunane enten vedteken eller sett i gong arbeid med ein kulturminneplan. 16 kommunar har ikkje ferdigstilt planen. Utarbeiding av kommunedelplanar for kulturminnevern er òg heimla i kulturplanens handlingsprogram 2019, tiltak 20 A. For å verta ferdige ser Hordaland fylkeskommune at det er behov for å redusera ambisjonsnivået og ha mest fokus på kjent kunnskap og ikkje nye registreringar. For 2019 har Hordaland fylkeskommune søkt Riksantikvaren om støtte til oppfølging av kulturminneplanarbeidet.

#### Styrka forvalting av verdsarvområda

Riksantikvaren ynskjer at regionalforvaltinga bidreg til at beste praksis pregar forvaltinga av dei åtte verdsarvstadene i Noreg og bruker alle dei verkemidla dei har til rådvelde. Dei opprettheld signalet frå tidlegare prioriteringsbrev om ein skjerpa forvaltingspraksis i alle ledd, som sikrar at verdiane i verdsarvområda vert ivaretekne.

Hordaland fylkeskommune vil halda fram med å prioritera verdsarven høgt. I samsvar med Kulturplanens handlingsprogram 2019, tiltak 19 A, vil administrasjonen arbeida for at det vert utvikla verdsarvsenter på Bryggen. Fylkeskommunen deltek i arbeidet med ny forvaltingsplan for Bryggen. Rolla som kulturminnemynde og tilskotsforvaltar for istandsettinga av Bryggen er ei kontinuerleg hovudoppgåve.

#### Fredingsarbeid og tilskotsforvalting

Riksantikvaren understreker at nye fredingssaker skal ta utgangspunkt i tema i fredingsstrategien. Hordaland fylkeskommune har dei seinare åra prioritert å gjera ferdig påbyrja fredingssaker, og vil prioritera dette også i 2019. Krigsminne er eit av dei prioriterte tema i fredingsstrategien, og HFK gjekk i desember 2018 til mellombels freding av krigsminnet Botnahytta i Samnanger.

Riksantikvaren oppmodar om fortsatt sterkt fokus på registrering av den bygningstekniske tilstanden til freda bygningar i privat eige. Hordaland fylkeskommune har god framdrift i arbeidet med tilstandsregistrering, og ligg i rute til å ha oppdatert tilstandsgrad på alle aktuelle bygg i løpet av 2019.

#### Teknisk-industrielle kulturminne og fartøyvern

Riksantikvaren har som mål at alle dei 15 store fabrikkannlegga som inngår i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne skal vera freda innan 2020, og dei vil involvera fylkeskommunane tett i dette prosjektet. I Hordaland gjeld dette Salhus trikotasjefabrikk, som ikkje er freda tidlegare. Administrasjonen vil følgja opp fredingssaka i samarbeid med Riksantikvaren.

#### Plansakshandsaming og motsegner

Riksantikvaren understreker at å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for framtida, er eit ansvar som må følgjast opp av både administrasjonen og av politikarane. Dette ansvaret omfattar også å ta vare på kulturminne der det kan vera konflikt mellom vern og utvikling. Riksantikvaren ser med uro på at regionalforvaltinga unnlèt å reisa motsegn der dette er naudsynt for å sikra vesentlege regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Dersom forhandlingar ikkje fører fram i slike saker, er det regionalforvaltinga si plikt å reisa motsegn.

Hordaland fylkeskommune har lenge hatt eit fokus på kulturminneverdiar i arealplan. Ved å vera tidleg med klargjering av kulturminneverdiane har det vore ein nedgang i talet på motsegn knyt til kulturminneinteresser. Etablering av lokale kulturminneplanar har i denne samanheng vore viktig. I saker der fylkeskommunen har fremma motsegn, har sakene i stor grad vore løyst i dialog med kommunane, i sjeldne tilfelle i mekling hjå Fylkesmannen i Hordaland. Administrasjonen vil framleis prøva å løysa konfliktsaker før det vert naudsynt med motsegn, men leggja fram forslag om motsegn der dette ikkje fører fram.

#### Arkeologi

Riksantikvaren oppmodar regionalforvaltinga til å utnytta verkemidla som ligg i bevaringsprogramma BARK (Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne) og BERG (Bevaringsprogrammet for bergkunst) i arbeidet med skjøtsel og betre tilrettelegging av kulturminne for publikum. Hordaland

fylkeskommune arbeider kontinuerleg med skjøtsel-, formidlings- og tilretteleggingsarbeid knytt til desse bevaringsprogramma. Tiltaket er forankra i kulturplanens handlingsprogram 2019, tiltak 17 A. I BARK er det søkt Riksantikvaren om midlar til nye prosjekt for 2019, medan det i Berg vert arbeidd vidare med prosjekt som fekk tilskot i 2018.

#### EØS-finansieringsmidla

Riksantikvaren oppmodar regionalforvaltinga til å engasjera seg i EØS-prosjekt, for å få ny kunnskap, erfaringsoverføring, utvikling eller internasjonal erfaring. Administrasjonen vil halda seg orientert om arbeidet med EØS-prosjekt i kulturarvsektoren og vurdere korleis erfaringane herfrå kan koma det regionale kulturminnearbeidet til gode.